



Plan for rettleiing og tilsyn med barnehagane i Vestnes kommune

Vestnes kommune som barnehagemyndet skal sikre at barnehagane, både kommunale og private, blir drivne i samsvar med gjeldande lov og regelverk.

Rettleiing og tilsyn er to ulike verkemiddel kommunen som barnehagemynde har for å sikre at barnehagetilbodet i kommunen er godt og forsvarleg, og at barnehagane følgjer regelverket.

LOVHEIMLAR I BARNEHAGELOVA

«§10 Barnehagemyndighetens ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning om og påse at barnehagene drives i samsvar med bestemmelsene i denne loven med forskrifter, med unntak av bestemmelsene i kapittel V med forskrifter.»

<https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64/§10>

«§ 11.Krav til likebehandling og uavhengighet

Kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehager når den utfører oppgaver som barnehagemyndighet. Kommunen skal organisere oppgavene den har som barnehagemyndighet adskilt fra oppgavene den har som barnehageeier når dette er egnet til å ivareta tilliten til kommunens upartiskhet som barnehagemyndighet.»

<https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64/§11>

§ 53.Kommunens tilsyn med barnehagene

Kommunen fører tilsyn med at barnehagene drives i samsvar med denne loven med forskrifter, med unntak av bestemmelsene i [kapittel V](#) med forskrifter.

Kommunen kan gi pålegg til barnehagen om å rette uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningsspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen fatte vedtak om tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten.

Foreldrerådet skal få mulighet til å uttale seg før kommunen fatter vedtak om stenging.

Barnehagen skal uten hinder av taushetsplikt legge frem alle opplysninger som kommunen trenger for å føre tilsyn. Barnehagen skal gi kommunen adgang til barnehagens lokaler.

<https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64/§53>

PÅSJÅ OG RISIKOVURDERING

For å kunne gjere gode risikovurderingar må barnehagemynde ha overordna kjennskap til pliktene som barnehage eigar har etter barnehagelova.

Barnehagemynde må innhente tilstrekkeleg informasjon om barnehagane sin praksis for å kunne vite om barnehage eigar tek i vare pliktene sine etter barnehagelova. Innhenting av informasjon og risikovurderingar skal gjerast fortløpande gjennom heile året.

«Hva er sannsynligheten for og konsekvensene av at barnehageeier ikke følger loven?»

Utan informasjon om regelverk etterleving kan ikkje barnehagemyndene vurdere risiko for brot på regleverket og vidare vurdere behovet for rettleiing og tilsyn.

Dømer på ulike informasjonskilder til risikovurdering:

- Årsmelding og årsrekneskap i Basil
- Medieoppslag
- Vedtekter
- Årsplaner
- Barnehagen sin internkontroll
- Eigenvurdering skjema
- Hyppig kontakt
- Dialogmøter
- Styrarmøter
- Meldingar/klager frå føresette
- Innmeldte avvik
- Foreldreundersøkingar
- Erfaringar/rapportar frå tidlegare tilsyn
- Kva for barnehagar som er med/ikkje med på diverse satsingar
- Grunnbemanning/pedagogisk bemanning/dispensasjonar m.m

Med bakgrunn i informasjon og risikovurderingar må barnehagemyndene vurdere behovet for rettleiing og tilsyn. Risikovurderingar kan gjerast i enkeltbarnehagar eller for barnehagane samla.

Risikovurderingar skal gjennomførast i Risk Manager. [RiskManager - Risiko](#)

RETTLEIING

Barnehagemyndene har etter barnehagelova ansvar for aktivt å rettleie og påsjå at både private og kommunale barnehagar følgjer barnehagelova. Det er viktig at tema for rettleiing og tilsyn heng saman med dei faktiske behova som barnehagemyndene har avdekka på bakgrunn av risikovurderingar og innmeldte behov. Rettleiing skal ikkje berre vere informasjon, men ha som mål å endre praksis i barnehagane.

God og aktiv rettleiing skal bidra til å hindre regelbrot og sørge for etterleving av reglar.

Kunnskapen barnehagemyndene har om den enkelte barnehage/barnehagane skal ligge til grunn når det skal vurderast

- Om rettleiing eller tilsyn er riktig verkemiddel
- Kva for tema barnehagemyndene skal rettleie i og føret tilsyn med
- Kva for barnehagar barnehagemyndene skal rettleie eller føre tilsyn med.
- Tidspunkt for rettleiing eller tilsyn.

Rettleiing er det mildaste verkemiddelet barnehagemyndet har til rådighet. God rettleiing kan i mange høve vere nok til å få endra praksis og regelverk etterleving.

Rettleiing er frivillig for barnehage eigar og/eller styrar. Barnehagemynde må difor ha kunnskap/system som fangar opp kva for barnehagar som sjeldan deltek i dei arenaene rettleiing går føre seg. Dette er ein del av risikovurderinga.

Dømer på arenaer for aktiv rettleiing kan vere:

- Dialog med barnehage eigarane
- Dialog med barnehagane
- Dialogmøter
- Rettleiing om regelverk på styremøter
- Individuell rettleiing ved konkrete hendingar
- Rettleiing ved regelverks endringar

Når risikovurdering viser at ein barnehage ikkje følgjer lova, må barnehagemyndet vurdere kva for verkemiddel som vil vere egna for å oppnå regeletterleving, rettleiing eller tilsyn. God og aktiv rettleiing kan vere ei god løysing, men fører rettleiing ikkje til ønska resultat, må barnehagemyndet ta i bruk tilsyn som verkemiddel.

TILSYN

I motsetning til rettleiing, kan tilsyn gjennomførast mot barnehage eigar si vilje. Det følger av barnehagelova sin § 10 første ledd at kommunen skal gje rettleiing om og påsjå at barnehagane blir drivne i samsvar med bestemmingane i barnehagelova med forskrifter. Vidare følgjer det av barnehagelova sin § 53 at kommunen skal føre tilsyn med at barnehagane blir drivne i samsvar med denne lov og forskrifter.

I desse to bestemmingane er det gjort unntak for kapittel V med forskrifter, som gjeld for private barnehagar som mottok tilskot. Her er det Utdanningsdirektoratet som fører tilsyn.

Når barnehagemynde fører tilsyn så må ein forhalda seg til forvaltningslova og til ulov festa forvaltningsrettslege prinsipp. Tilsyn er verkemiddel for å kontrollere om barnehage eigar oppfyller eigarpliktene i barnehagelova. Barnehagemyndet har difor ikkje heimel for å føre tilsyn med tilhøve som ikkje er regulert i barnehagelova.

Tilsyn kan vere riktig verkemiddel når barnehagemyndet har fått inn konkrete henvendingar/varsler om brot på regelverk. Tilsyn kan og gjennomførast når barnehagemyndet gjennom eigen risikovurdering har ein grunna mistanke om brot på regelverket.

Barnehagemyndet skal kunne grunne kvifor tilsyn er valt framfor rettleiing som verkemiddel.

Ved opning av tilsyn, skal det vere tydeleg kva som skal kome fram i tilsynet, og kvifor dette tilsynet er valt. Det skal visast til konkrete paragrafar i barnehagelova med forskrifter. Barnehagemyndet kan ikkje undersøkje andre tilhøve enn dei som er nemnt i opninga av tilsynet.

Kva dokumentasjon som er best eigna til å ta stilling til om barnehage eigar oppfyller krava i barnehagelova vil variere utifrå kva konkret som skal undersøkast i tilsynet. I tilsynsrapporten skal ein beskrive kva dokumentasjon som vart etterspurt og motteke. Ved behov må ein innhente meir dokumentasjon.

For å kunne vurdere om den undersøkte praksisen er i tråd med regelverket må barnehagemyndet vurdere barnehagen sin praksis opp mot dei rettslege krava som er oppstilt i tilsystemaet.

Barnehage eigar skal ha moglegheit til å uttale seg om rapporten sitt innhald. Barnehagemyndet må difor lage ein skriftleg rapport over vurderingar og konklusjonar den har gjort i tilsynet. Dette gjeld enten det er avdekket brot på regelverket eller ikkje. Kravet til **skriftlegheit** skal sikre likebehandling, **etterprøvarheit** og kontradiksjon.

Ulike former for tilsyn Vestnes kommune som barnehagemynde nyttar:

- **Varsla tilsyn.** Ved varsla tilsyn nyttar vi systemrevisjonsmetoden som fangar opp dei instrumentale sidene ved barnehagedrifta. Element i metoden er gjennomgang av dokument i forkant og så intervju av personar på ulikt nivå.
- **Tilsyn utan varsel.** Tilsyn utan varsel kan utførast når tilsynsmynde av ulike grunnar finn det nødvendig. Slike tilsyn kan bli gjennomført sporadisk, eller dersom kommunen får melding om uforsvarlege eller ulovlege forhold.
- **Eigenmeldt tilsyn.** Eigenmeldt tilsyn er skjema utarbeidd av tilsynsmynde. Her er både av kryssing, spørsmål og plass til kommentarar. Dette er eit instrumentelt tilsyn som avdekker om aktiviteten er i samsvar med lov og forskrift.
- **Dokument tilsyn.** Dette er ei vurdering om aktuelle dokument inneheld det lov og forskrift krev, og som kan sei noko om verksemda. Dette er dokument som:
 - Barnehagen sine vedtekter.
 - Barnehagen sin årsplan.
 - Årsmelding via basil-udir.
 - Brukarundersøkingar

Rutinar og ansvar ved varsla tilsyn.

- Tilsynsansvarleg:
 - Sender ut varsel om tilsyn minst 3 veker før planlagt gjennomføring. Varselet skal innehalde tidspunkt, lovheimel, tema, førehandsdokumentasjon, kven som skal delta og kva metode/form tilsynet skal ha.
- Styrar/einingsleiar:
 - Førehandsdokumentasjonen ein bed om i varslingsbrevet skal sendast tilsynsansvarleg seinast ei veke før tilsynet.
- Styrar/einingsleiar:
 - Gjer avtalar med dei som skal vere med på tilsynet frå barnehagen, t.d.:
 - Foreldrerepresentant.

- Pedagogisk leiar.
 - Fagarbeidar/assistent.
 - Representant frå eigar i privat barnehage.
-
- Tilsynsansvarleg:
 - Rapport frå alle typar tilsyn skal sendast barnehagen etter gjennomføringa av tilsynet. Først førebels rapport, så endeleg rapport.
 - Rapporten skal gje melding om eventuelle lovbrøt og merknader.
 - Rapporten skal gje frist for å sende inn ein plan for korleis eventuelle lovbrøt og merknadar vil bli retta opp.
 - Rapporten skal gje informasjon om at lukking av lovbrøt er eit enkeltvedtak og kan klagast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
 - Barnehagen kan stengast mellombels i påvente av utbetring av lovbrøt.
 - Barnehagen kan stengast varig.
 - Avvik kan bli meldt til kommunestyret via driftsrapport.

Vedlegg:

Årshjul for barnehagemynde sitt ansvar med å rettleie og påsjå at private og kommunale barnehagar følgjer barnehagelova.